

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I SJUKEHUSAPOTEKA VEST HF

STAD: Møterom Ulriken, Møllendalsbakken 9, Bergen/Video
MØTETIDSPUNKT: 21.03.2019, kl. 15.30 – 18.00

Styremøte var ope for publikum og presse

.....

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Trude Marit Risnes	Styreleiar
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
Inger Cathrine Bryne	Medlem
Arve Varden	Medlem
Bente Aae	Medlem
Gunvald A. Iversen	Medlem
Marit Jacobsen	Medlem
Ragnhild Winum	1. varamedlem

FORFALL FRÅ STYRET

Eivind Hansen	Medlem
Marianne Saugestad	Medlem

DELTAKARAR FRÅ FØRETAKET

Jon Bolstad	Administrerende direktør
Christer Bakke Frantzen	Fagdirektør
Ola Rye	Økonomidirektør
Berit Beate Berntsen	HR- og org. direktør
Ørjan Lundgren	Kommunikasjonsleiar
Grethe Bjørndal	Kontorsjef (referent)

SAKLISTE

Sak	001/19	Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak	002/19	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF 12.12.2018
Sak	003/19	Administrerande direktør si orientering
Sak	004/19	Årsrekneskap for Sjukehusapoteka Vest HF 2018
Sak	005/19	Årsmelding for Sjukehusapoteka Vest HF 2018
Sak	006/19	Styringsdokument 2019
Sak	007/19	Risikostyringsmål 2019

UNDERLAG

Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt

Saker til orientering:

Sak 010/19 Eventuelt

Lukka del

Sak 008/19 og 009/19 blir handsama i lukka møte heimla i helseføretakslova §26a (2) nr. 4.

Sak 008/19	Verksemdsrapport per februar 2019 (u. off. jf. Offentleglova §23.1)	Vedlagt
Sak 009/19	Rapport 80-20 regelen (u. off. jf. Offentleglova §23.1)	Vedlagt

Styret sitt kvarter.

OPE DEL

Sak 001/19 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Oppsummering

Styreleiar deltok på videosamband frå Helse Vest RHF i Stavanger.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner innkalling og dagsorden.

Sak 002/19 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF 12.12.2018

Oppsummering

Deltakarar må korrigerast. Gunvald A. Iversen var til stades. Styret hadde elles ingen merknader til protokoll frå styremøte 12.12.2018.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner protokollen frå styremøte 12.12.2018.

Sak 003/19 Administrerande direktør si orientering

1. Ansattvalde styrerepresentantar frå mars 2019
2. Status nasjonale IKT prosessar og regionalt arbeid med prod.støtte og Cytodose
3. Årsrapport for revisjonar og tilsyn 2018
4. Revisjonsplan 2019
5. Årsmelding FAMU 2018
6. SoMe – korleis gjekk det?
7. Resultat ForBedring 2019
8. Legemiddeløkonomi og analysar
9. Personvernombud i SAV
10. Revisjon leiar og medarbeidarkrav 2019
11. Oversikt over aktuelle høyringar.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek meldingane til orientering.

Sak 004/19 Årsrekneskap for Sjukehusapoteka Vest HF 2019

Oppsummering

Saka omhandlar framlegging av revisorgodkjend Årsrekneskap for 2018. Årsrekneskapet for 2018 viser eit overskot på 17.135.355 kroner.

Vedtak (samrøystes)

Styret vedtek Årsrekneskap for Sjukehusapoteka Vest HF for 2018 med dei innspel til korrigeringar som kom fram i møtet. Styret ber om at årsrekneskapet vert lagt fram for føretaksmøte som føretaket sitt Årsrekneskap for 2018.

Sak 005/19 Årsmelding for Sjukehusapoteka Vest HF 2019**Oppsummering**

Saka omhandlar framlegging av revisorgodkjend Årsmelding for 2018.

Vedtak (samrøystes)

Styret vedtek Årsmelding for Sjukehusapoteka Vest HF for 2018 med dei innspel til korrigeringar som kom fram i møtet. Styret ber om at Årsmelding vert lagt fram for føretaksmøte som føretaket sin Årsmelding for 2018.

Sak 006/19 Styringsdokument 2019**Oppsummering**

Styringsdokumentet klargjer premissar og rammer som gjeld for SAV, og inneheld mål og resultatkrav som blir stilte til SAV frå eigar. Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet i foretaksmøte 06.03.2019. Det er eit krav til at ein gjer seg kjend med styringsdokumentet og legg dette til grunn for arbeidet framover.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek styringsdokument 2019 for Sjukehusapoteka Vest til vitande.

Sak 007/19 Risikostyringsmål 2019**Oppsummering**

Etter felles retningslinjer for risikostyring i Helse Vest skal helseføretaka årleg gjennomføre risikovurdering av minimum 4 overordna styringsmål som skal følgjast særskild opp gjennom året. Med bakgrunn i brev frå Helse Vest, risikostyringsmål for 2018 og det overordna risikobilete ved inngangen til 2019 føreslær administrasjonen 4 styringsmål med tilhøyrande delmål for 2019.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek felles retningslinjer for risikostyring i Helse Vest til orientering, og legg til grunn at Sjukehusapoteka Vest aktivt føl opp og forankrar arbeidet med risikostyring ved involvering av avdelingar i heile organisasjonen.

Styret sluttar seg til styringsmåla med delmål for risikostyring i Sjukehusapoteka Vest i 2019.

Sak 010/19 Eventuelt**Oppsummering**

Ingen saker vart teken opp.

LUKKA DEL

Møte blei lukka etter Helseføretakslova §26a, 2.ledd nr 4.

Sak 008/19 Verksemdsrapport per februar 2019**Oppsummering**

Rapporten vart gjennomgått.

Vedtak (samrøystes)

Styret har handsama rapport frå verksemda per februar 2019.

Sak 009/18 Rapport 80-20 regelen**Oppsummering**

Sjukehusapoteka Vest HF nyttar Sjukehusapotekføretaka i Noreg si standardiserte rapportering. Sjukehusapoteka Vest HF har eit sal til eigne kundar (eigenregi) på 95,3 % per november 2018. Omsetninga til eksterne kundar har gått opp frå 3,8 % sidan siste rapportering (per november 2017) og er no på 4,7 %, og er innanfor den lovmessige grensa på 20 %.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek rapportering av 80-20 regelen til orientering.

Trude Marit Risnes

Styreleiar

Olav Godtfred Klausen

Nestleiar

Eivind Hansen

Medlem (sett)

Inger Cathrine Bryne

Medlem

Arve Varden	Medlem
-------------	--------

Bente Aae	Medlem
-----------	--------

Marianne Saugestad	Medlem (sett)
--------------------	---------------

Marit Jacobsen	Medlem
----------------	--------

Gunvald A. Iversen	Medlem
--------------------	--------

Ragnhild Winum	1. Varamedlem
----------------	---------------

Grethe Bjørndal
referent
21.03.2019